

Radar

2017 nr. 1

Kyrkjeblad for Radøy sokn

33.årgang





DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn

**Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf 5634 9840**

www.kirken.no/radoy

Dagleg leiar Audun Sylta
901 95 179

Kontorfullmektig
Hilde Marit Solend
5634 9840

Sokneprest Kjell Sækkingstad
951 41 360

Seniorprest
Thor A. Sommerseth
913 17 559

Trusopplæringsmedarbeidar
Willem Vogelaar
479 73 670

Organist I J. William Kay
915 91 482

Organist II Frode S. Storheim
948 38 985

Dirigent Radøy damekor
Jüratè Norkuviené
967 59 916

Arbeidsleiar kyrkjegardane
Arne Palmesen
911 53 484

Kyrkjetenar
Berit Karin Vogelaar
942 42 233

Kyrkjetenar Marta G. Hvidsten
909 18 214


Nytt frå dagleg leiar

Kyrkja er ei sjølvstendig driftseining. Inntektene kjem likevel i hovudsak frå kommunen. For 2016 er 62,2% av inntektene våre frå Radøy kommune.

Andre inntekter er leigeinntekter, festeavgifter, gåver, kyrkjeoffer og godtgjerdle for tenester. Økonomien er stabil, men ikkje romsleg.

For 2016 har soknet eit positivt driftsresultat på kr. 242 898. Ut frå at soknet ikkje har som mål å bygge store reserver er dette eit tilfredstillande resultat. Nordhordland Revisjon IKS utfører revisjonen.

Fordeling av stillingsressursar i soknet er slik:



*Audun Sylta
Dagleg leiar*

Inntekter	2015	2016
Brukarbetaling, salg, avgifter og leigeinntekter	kr. 657 330	kr. 920 852
Refusjonar og overføringar	kr. 411 829	kr. 343 438
Tilskot frå stat, bispedøme og andre kommunar	kr. 817 222	kr. 779 363
Rammeoverføring, eigen kommune	kr. 4 133 000	kr. 4 178 600
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	kr. 387 459	kr. 495 610
Sum inntekter	kr. 6 406 839	kr. 6 717 863

Utgifter	2015	2016
Løn og sosiale utgifter	kr. 4 030 358	kr. 4 114 056
Kjøp av varer og tenester	kr. 1 869 454	kr. 1 760 230
Refusjonar og overføringar, gåver, prosjekt	kr. 505 573	kr. 465 399
Sum driftsutgifter	kr. 6 405 385	kr. 6 339 685
Brutto driftsresultat	kr. 1 454	kr. 378 178

Finansinntekter og finansutgifter	2015	2016
Renteinntekter og utbytte	kr. 56 113	kr. 52 383
Renteutgifter og låneomkostningar	kr. -43 532	kr. -36 833
Avdrag på lån	kr. -198 133	kr. -150 000
Netto finansinntekter/-utgifter	kr. -185 552	kr. -134 450

Interne finansieringstransaksjonar	2015	2016
Bruk av bundne fond	kr. 175 530	kr. 19 400
Avsatt til bundne fond	kr. -11 044	kr. -20 230

Meirforbruk / Mindreforbruk	kr. -19 613	kr. 242 898
------------------------------------	--------------------	--------------------

Takk, Marianne!



Marianne Støylen Skauge brukte sine 7½ første år som prest her hjå oss, og det er vi svært takksame for! Sidan ordinasjonen til presteneste 23. august, 2009 og fram til 31. januar, 2017 har Marianne gjort teneste i Radøy, berre avbrote av permisjonar i samband med fødsel og vidareutdanning. Vi er stolte over at ho var den første kvinnelege presten i Nordhordland,

og glade for at ho slik tilførte forkynninga dimensjonar som vi menn ikkje kan formidla på same måten.

Marianne vart mor i løpet av den tida ho var her. Det merkast naturleg nok, også på preikestolen. Ho arbeidde grundig og godt med preikene sine, og gav oss næringsrik kost. Marianne er sentral i forkynninga si. Kvar gudsteneste tek til med nåde-helsinga, og Guds nåde gjennom Kristus har prega Marianne sine preiker og forteljingar. Dette har ho forkynt til frelse og til helse. Og med nåden som plattform har ho utfordra oss til teneste for kvarandre, for andre, for skaparverket.

Som prest har Marianne møtt heile aldersspennet av radværingar. Ho har teke imot dei aller yngste ved døypefonten, og ho har fylgd dei som har fullført livsløpet til si kvile. Og så har ho møtt mange som er ein eller annan stad midt i livet: Lys Vaken, konfirmantar, foreldre, Tysdagstreffet i Sæbø kyrkje osv.

Som takk for tenesta her fekk Marianne og mannen Steinar med seg gåver som er fødde og oppvaksne på Radøy: Skinn av villsau frå Kviste. Vi vonar det vil varma godt, også i Tromsø, og gje varme tankar tilbake til Strilelandet.

Takk, Marianne!

For Radøy kyrkjelyd
Gunnar Kartveit



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus ga livet sitt for at vi skulle få evig liv.



Kryssord

I kryssordet skal de berre bruke Det nye testamentet. Store tal i Bibelen er kapittel, og små tal er vers. Markus 2,11 tyder altså kapittel 2, vers 11 i Evangeliet etter Markus. Løysinga på kryssordet står i dei farga rutene.

↓

By i Lukas 19,1 1. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○

2. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Dyr i Johannes 12,14

3. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Mann i Lukas 19,8

4. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Fugl i Matteus 3,16

Konge i Matteus 6,29 5. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○

6. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Smykkestein i Matteus 13,46

7. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Mann i Matteus 9,9

9. Årstid i Johannes 10,22 8. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○

○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ Hage i Markus 14,32

Insekt i Markus 1,6 10. ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○ ○

Line var hos frisøren. Frisøren heldt på med håret i nakken og spurde:
– Vil du behalde den fine hestehalen?
– Ja, det vil eg.
– Ok, då legg eg han i ein pose.

Vitsar

– Vil du helst ha ei vakker eller ei smart kvinne? spurde kona.
– Ingen av delane, svara mannen. – Eg vil jo berre ha deg!

Finn 5 feil

Teikningar: Charlotte Sandmæl

Da kvinnene kom til grava, fortalde engelen dei at Jesus var stått opp. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Vi anbefalar barnebladet BARNAS!

Denne sida er henta frå bladet.

Bestill abonnement

på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



Påskan i en ny tid

I skrivende stund er vi kommet til 3. Søndag i faste. Det betyr at påskan nærmer seg med stormskritt. Og når du leser dette er vi kanskje langt inne i den stille uke?

Jeg leste i en lærebok for KRL for en tid siden at julen er “vår viktigste høytid”. Det er en litt merkelig påstand. Kirken begynte ikke å feire jul før langt ut i middelalderen. Påskan derimot ble feiret umiddelbart som en oppstandelsesfest. - Åtte dager senere var disiplene igjen samlet. Joh. 20, 26

Jesu oppstandelsesdag ble en dag å komme sammen på. Slik måtte det bare bli. Jesu oppstandelse var den hendelsen som forandret alt. Etter hvert ble også hviledagen endret fra lørdag til søndag. Det fulgte med som en naturlig utvikling.

De første kristne holdt fast på den jødiske påskekalender. Det er forklaringen på at påskan kommer til ulike tider hvert år, mens altså julehøytiden holder seg til 25. desember hvert år. Men påskens innhold ble utvidet. Jesus var nå blitt påskelammet, og oppstandelsen gav høytiden en ny dimensjon. Påskan var blitt til livets høytid.

Stengt på grunn av påskeferie sto det på kirkedøren

Selv har jeg fått være med å feire påske i mange kirker og kulturer. Og jeg ser veldig godt at vi har absolutt noe å lære av andre kirker. Det ble en tankevekker da jeg for noen år siden planla et besøk i en av byens frikirker. Stengt på grunn av påskeferie sto det på kirkedøren.

I kontrast til dette står eritreerne i Bergen. De pleier å leie seg en kirke i Bergen, og der holder de sammen hele den stille uke igjennom. Og når påskedagen kommer vandrer de rundt i nabolaget og slår på sine trommer og synger sine salmer – tidlig, tidlig første påskedags morgen.

Den moderne påskefeiring har sine utfordringer. Det er forståelig at vi ønsker å reise litt bort og få noen dager med påskesol i fjellet. I Landås menighet der jeg var sokneprest i 14 år flyttet vi like gjerne 1. påskedag til 1. søndag etter påske. Det ble menighetens oppstandelsesfest med fullt oppmøte.

For noen år siden feiret vi påske på Hermon Høyfjellshotell. Det ble en fin kombinasjon av åndelig og legemlig påfyll, noe som gjorde veldig godt. Men det var litt trist å tenke på at vi ikke var sammen med vår egen menighet. Vi var liksom ikke der vi burde være.

I større byer som Bergen er det mange tilbud med konserter og gudstjenester som vi kan være med på, og som gir innhold til dagene og et løft for sjelen. Det er noe som mange nå har oppdaget. Det gjør godt med stillhet og ettertanke. Vi trenger alle det.

Påskan er en fantastisk mulighet til åndelig fordypning. Slik vil jeg absolutt hevde at påskan tross litt skranting, fortsatt må få være vår første og største høytid - slik det var i kirkens første tid. Dermed mener jeg ikke å si noe negativt om julehøytiden. Teologisk handler det om Gud som ble menneske. Det som startet med Jesu fødsel ble fullbyrdet i påskan – at Gud går helt ned i dypet av verdens lidelse og smerte. Det gjorde han for oss – for å frelse oss fra syndens og dødens makt. Slik blir påskan håpets tid for oss alle – ja, og så for hele skaperverket som sådan. Påskan har også en kosmisk side med alt det som det betyr. Samtidig utfordrer påskan oss til solidaritet med de lidende også om det måtte koste noe.

God påske alle sammen! Og vel møtt til gudstjeneste. Så får vi håpe at dere ikke møter en stengt kirkedør. Men litt kreativitet kan være en god ting i en ny tid!

Thor Sommerseth

Eit møte med Thor



I det siste har du kanskje sett ein ny prest i kyrkjene på Radøy. Vi er så heldige å ha fått seniorprest Thor Sommerseth som vikar hjå oss, etter at Marianne flytta til Tromsø. Radar tok seg ein liten prat med Thor...

Hvor kommer du fra?

Jeg er vokst opp på en liten bondegård i Kjeldebotn i Ballangen kommune. Det betydde at jeg fikk en veldig nærhet til både himmel og jord. Så har jeg vært kapellan i Laksevåg i 13 år, og sokneprest i Landås i 14 år. Jeg har hatt Olavstipend og arbeidet med dåpssamtalen, og arbeidet med trosopplæring på bispedømmekontoret i 2 år. Jeg har også gjort tjeneste som feltprest i Libanon, og mye annet. Jeg er en mann med mange baller i luften. Jeg er som makrellen. Jeg liker å stå i strømmen og må ha fart på ting, eller så blir livet for kjedelig.

Hvor lenge skal du være her?

Jeg er altså nå seniorprest og har gjort tjeneste i Fana Prosti i et par år. Det har gjort godt å være litt fristilt og reise litt rundt. Nå kjenner jeg Bergen inn og ut, og nå står

Nordhordaland for tur. Jeg sa ja takk til tilbudet om å gjøre tjeneste her med glede. Jeg har alltid hatt blikket nordover fra Bergen og visst om at det skjer så mye fint i menighetene her. Det gleder meg. Jeg opplever det inspirerende å møte folket her. Det gir meg så mye!

Fortell litt om interessene dine.

Jeg tør ikke fortelle om alle mine interesser, for det spenner over så mye. Men kirke- lig er jeg veldig opptatt av trosopplæring, og at menigheten våre må være steder der folk kan finne troen på Gud og trygghet i sitt Gudsforhold.

Jeg er også opptatt at folk må finne menighetene som trivelige steder å komme til, og der barn og ungdom finner seg et åndelig hjem. Mange mennesker kommer til kirken med sår og traumer de knapt tør nevne. Vi må våge å gå inn i denne verden med fylde av solidaritet der vi våger å ta inn over oss at lidelsen også er en del av også kirkens liv. Hvis det er en del av virkeligheten må vi våge å snakke sant og handle deretter. Ellers mister vi taket på vår viktigste rolle i folks liv. Kirken må være et sted hvor vi må kunne gå til med alle sorger og alle gleder, og der finne en sti videre i livet.

Den verdensvide kyrkja i jubileumsåret 2017



I år er det 500 år sidan munken Martin Luther spikra opp sine 95 tesar på kyrkjedøra i Wittenberg og såleis starta ein reformasjon av kyrkja som han sjølv ikkje hadde sett føre seg. Den lutherske kyrkja vart ein frukt av denne reformasjonen, men også alle dei andre protestantiske kyrkjene og trussamfunna som vi kjenner i dag.

I vår tid er det heldigvis ikkje like harde frontar og skarpe ordvekslingar mellom lutheranarar og katolikkar som i tidlegare tider. Det er også eit mildare klima mellom dei lutherske kyrkjene og dei andre protestantiske kyrkjene. Vi lever i ei tid der kyrkja har tona ned det som skil oss og festa fokus på det som samlar oss som kristne. Framleis er det til dels store skilnader på våre ulike kyrkjer, men vi er i det minste på talefot og anerkjenner kvarandre som kristne søstrer og brør.

For oss som bur i Noreg og høyrer til den lutherske kyrkja her, er det lett å tenke at vår oppleving av korleis kyrkja er også gjeld for alle andre. Men dette er altså heilt feil. I resten av Europa og Nord-Amerika opplever kyrkjene ein ganske markant nedgang i tal medlemmer, som hos oss. Dei gamle konfesjonelle kyrkjene (Lutherske/Katolske/Anglikanske) og ikkje minst dei gamle statskyrkjene og folkekyrkjene er dei som

har størst fråfall, medan dei som veks mest er dei som høyrer til i det vi kan kalle den karismatiske pinsevennfamilien.

Om vi ser på resten av verda; med Afrika, Asia, Sør-Amerika og Oseania, så ser ein her at kyrkjene veks raskt. Også her er det pinsevenn kyrkjene som veks mest, men også dei konfesjonelle kyrkjene. Det er faktisk slik at aldri nokon gong i verda si historie har det vore så mange kristne som nett no. I år 1900 var det 558 millionar kristne i verda medan det i 2010 var 2 milliardar og 291 millionar kristne. Sjølv sagt må ein sjå på at det har vore ei enorm befolkningsauke, men tala tek i alle fall livet av myten om at kyrkja og trua er død.

For oss i den Lutherske kyrkja er det slik at vi på verdsbasis er eit ganske lite kyrkjesamfunn. Tradisjonelt har tyngdepunktet vore hos kyrkjene i Skandinavia, Tyskland og Nord-Amerika. Etter over 150 år med luthersk misjon er det no slik at det er dei lutherske kyrkjene i Sør som veks og som snart vil ha fleirtalet i vår «kyrkjefamilie».

Når vi tek desse tala inn over oss, så må vi bli glade, fordi kyrkja veks. Så må vi spørje oss sjølv: Kva er våre kristne sysken i sør opptekne av? Kva for spørsmål er det som fyller deira kvardag? Kva for utfordringar må prestar og forkynnarar der ta opp på sine preikestolar? Fleirtalet av våre kristne sysken i verda er opptekne av spørsmål som; svolt, korrupsjon, krig, politisk ustabilitet, klimaendringar, trusselen frå radikal islam og utfordringa som minoritet. Det betyr ikkje at dei er umedvetne om dei teologiske og etiske debattane vi har her heime, men i deira kvardag er det andre utfordringar som kjem først.

I året for feiring av reformasjonen vil eg at vi skal utfordre kvarandre på å vende blikket utover i verda. Sjå mot den verdensvide kyrkja og dei utfordringane dei står i. Lytte til deira spørsmål og la oss utfordre til engasjement. Vi står saman. Vi deler den same trua, - men vi har heilt ulike vilkår for liva våre.

I fleire hundre år var den lutherske kyrkja ei «kvit kyrkje» dominert av europeiske tradisjonar og der det i dei siste generasjonane var ein økonomisk sterk middelklasse som utgjorde fleirtalet. I dag er den lutherske kyrkja vår ein fargerik kyrkje og den typiske lutheranar er ikkje kvit eller rik, men kan vere ei etiopisk kvinne med lav inntekt og stort omsorgsansvar.

I eit jubileumsår er det difor viktig ikkje berre å spørje; kor kjem vi frå?, men også; kor er vi no og kven er vi no? Eg er overtydd om at svaret på dei spørsmåla vil kunne gje oss frimod og ny kraft til også å vere kyrkje her heim.

*Ingvald Andersen Frøyen
Rådgevar i NMS-Global (innlegget er noko forkorta. Red.)*

Sankta Katarina-ikon til Manger kyrkje

Manger kyrkje var vigd til Sta. Katarina før reformasjonen

Helsing frå kunstnaren, Marit Kartveit, ved overrekkinga:



Som barn, da jeg hørte om ikoner, tenkte jeg på ikoner som noe farlig, nærmest som avgudsdyrkelse, at folk langt borte som tilhørte andre kirker enn min, tilba bildene, kysset dem og kirkene deres var fylt av ikonbilder fra golv til tak og alle hadde ikoner i hjemmene sine.

Det rare er at ikonkunsten er den eldste kunstform vi kjenner til i den kristne kirke, med unntak av malerier og inskripsjoner funnet i katakombene i Roma. Og ikonkunsten har holdt seg levende gjennom alle århundrer, i vår tid blomstrer den fortsatt.

De første ikonene som er funnet er fra 500-tallet. Legender sier at evangelisten Lukas var den aller første ikonmaler, men det er ikke bekreftet. Sikkert er det at bibelske bilder fulgte den bibelske tekst og det ble ikonenes viktigste oppgave å gi evangeliet et uttrykk, ikke gjennom ord, men gjennom bilder.

Det har stått strid om ikoner ut fra forskjellig tolkning av bibeltekster. Framveksten av islam og påvirkning fra jødedommen, som begge forkaster avbildning av hellige personer i sin religiøse kunst, fikk stor betydning, i tillegg til billedforbudet slik det står i 2. og 5. Mosebok. Striden bølget fram og tilbake inntil en munk, Johannes fra Damaskus, skrev at ikoner ikke var gudebilder og de blir ikke tilbedt som en gud, de er en avglans av Gud, men ikke Gud selv. Dessuten beskrives Jesus i Det nye testamentet som sann Gud og sant menneske, født av en jødisk mor. Jesus var synlig, han levde blant menneskene, derfor kunne han framstiles i bilder, mente munken fra Damaskus, som levde på 800-tallet.

I vår kirke har det ikke vært tillatt med ikoner inne i kirker, det ble tillatt først rundt 1990 etter grundige drøftinger i Bispemøtet. Da ble ikoner tillatt, ikke som altertavler, men til bruk i siderom eller stille rom/bønnerom. Ikoner er mest utbredt i den østlige kirke, med ortokokse sentra i Moskva og Istanbul, den gresk ortodokse kirke i Hellas er et annet senter. Ikoner er også utbredt i Den katolske kirke, med Roma i sentrum. En tredje gren har vokst ut fra den koptiske kirke, der Egypt og Etiopia står sentralt. Ellers er kunsten kjent og utbredt også i Latinamerika, bragt dit ved portugisere og spanjoler.

Når ikoner har betydd så mye er det på grunn av teologien i bildene. Ikonene viser mystikkens side, der Jesus, Maria og de hellige trer fram som nøkler til å få et glimt av det guddommelige. Ikonet formidler et møte mellom himmelske personer og begivenheter på den ene siden og det jordiske på den andre siden. Fra Kristus i himmelen skjer en utstråling, denne utstrålingen blir formidlet gjennom ikonet. Derfor brukes det mye gull og fastsatte farger i ikonkunsten. Ikonene formidler en tidsalder mellom evigheten og nuet, de formidler en kontakt med evigheten. Det himmelske lys skinner gjennom ikonet, det blir som ikonet ser på oss, ikke vi som ser på ikonet. Ikonmalere setter ikke sitt navn på framsiden av bildet, men på baksiden, for kunstneren er ikke i fokus, men Gud og hans rike. Ikonet tilbes ikke, men det formidler troens mysterium gjennom skikkelsene og hendelsene som avbildes. Et kjent ord av Basil den store sier det slik: "Det ord sier med lyd, det sier et ikon med stillhet." Jeg har en ukrainsk venninne, hun sier at kristendommen aldri ville holdt seg så sterkt gjennom kommunisttiden i Sovjet uten ikonene. Morgen og kveld ba folk sine bønner foran ikonet, troen ble holdt levende. Ikonet fungerte slik andaktsbøker har gjort i vår tradisjon, som et møte med den hellige Gud som styrker deg i troen på Jesus.

“Det ord sier med lyd, det sier et ikon med stillhet.”

Jesus er sentralfiguren i ikonene, med Maria som en god nummer to. Gud Fader framstilles ikke på ikoner, for han er alltid større enn alt som kan skapes, og ingen kan se Gud. Motivene velger du fritt, men det er en rik tradisjon å øse av. Av farger går blått og rødt igjen, blått for det himmelske og rødt for kjærligheten og det menneskelige. Bladgullet gjenspeiler Guds himmelske lys. Jeg foretrekker å male bibelske personer og hendelser, framfor å male helgener, men det er en personlig avgjørelse jeg har tatt. Unntaket er Santa Katarina, helgenen denne kirken er knyttet til, og som skal overrekkes til Manger kyrkje i dag.

*Hilsen Marit Kartveit,
som har malt ikonet Sta. Katarina.*



Familiennytt

Døypte

Seremonidato

18.12.2016 May Linn
Valdersnes-Kristoffersen
08.01.2017 Matheo Steindal
Lilletvedt
08.01.2017 Celine Hasle
08.01.2017 Edin Palmesen
08.01.2017 Alina Marøy Bø
29.01.2017 Thea-Nathalie
Storheim Jordal
29.01.2017 Angelica Sophie Storheim
05.02.2017 Davina Lekve
Befring-Njøten
12.02.2017 Leah Angelina Moldestad
12.02.2017 Matheo Sætre Valdersnes
12.02.2017 Audun Åsheim Fineid
12.02.2017 Solveig Åsheim Fineid
26.02.2017 Henrik Nylund Båtnes

Døde

Seremonidato

25.11.2016 Bernhard Nordvik
25.11.2016 Sigurd Storheim
29.11.2016 Kristine Hella
29.11.2016 Rasmus Nøttveit
02.12.2016 Kjell Skjerven
02.12.2016 Kjell Storheim
16.12.2016 Liv Røyseth
16.12.2016 Nilsine Gjertine Haukeland
20.12.2016 Gudrun Vaktstjøld
03.01.2017 Arne Helland
06.01.2017 Arne Olav Mjøs
31.01.2017 Liv Helene Lillian Fjæreide
21.02.2017 Magne Myking
24.02.2017 Anna Ranveig Dalland



*Neste nummer av
Radar er sommarnumeret!*

**Frist for innsending av stoff er
1.juni.**

Send ein epost til
organist@radoysokn.no
eller gr-lunde@online.no

Vigde

Seremonidato

04.03.2017 Solbjørg Makalani Myrvtveit og
Mathias Sæther

Innkomne offer

Dato	Dag i kyrkjeåret	Offermål	Kontantar	Vipps	Sum
04.12	2.sundag i adventstida	Laget	1101,00	487,50	1588,5
18.12	4.sundag i adventstida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2081,00	546,00	2627
24.12	Julaftan	Kirkens Nødhjelp (3 offer)	19551,00	Direkte til KN	19551
24.12	Julaftan	Kirkens Bymisjon	10782,00	2349,75	13131,75
25.12	1.juledag	Kirkens Nødhjelp	2765,00	195,00	2960
01.01	Nyårsdag	Kirkens Bymisjon, Bergen	1291,00	633,75	1924,75
08.01	Kristi openberringsdag	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2472,00	341,25	2813,25
15.01	2.sundag i opb.tida	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2126,00	146,25	2272,25
22.01	3.sundag i opb.tida	Den Norske Israelsmisjonen	814,00	146,25	960,25
29.01	4.sundag i opb.tida	Acta - barn og unge i Normisjon	3961,00	438,75	4399,75
05.02	5.sundag i opb.tida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	1852,00	0,00	1852
12.02	Såmannsøndagen	Det Norske Bibelselskap	2497,00	97,50	2594,5
19.02	Kristi forklåringsdag	IKO - Kirkelig Pedagogisk Senter	1624,00	48,75	1672,75
26.02	Fastelavnssundag	Kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt	2552,00	97,50	2649,5
05.03	1.sundag i fastetida	CARE Norge	1090,00	97,50	1187,5
12.03	2.sundag i fastetida	Diakoni og kyrkjemusikk i Radøy sokn	2545,00	195,00	2740
19.03	3.sundag i fastetida	Trusopplæring i Radøy sokn	1553,00	195,00	1748

	Sum 2016	Denne perioden (frå 01.01.17)
Offer til kyrkjelydsarbeid (diakoni, kyrkjemusikk):	kr 5509,50	kr 7405,25
Offer til trusopplæring (born og ungdom 0-18 år):	kr 45 970,00	kr 1748,00
Offer til andre organisasjonar:	kr 130 977,75	kr 15 389,00



KAFFEKROKEN



**TRENG DU NOKON Å
SNACKE MED?**

Nokre som ringjer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde. Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22.40.00.40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS



Gjevarteneste til trusopplæringsarbeidet i Radøy sokn

Støtt trusopplæringsarbeidet blant born og unge 0-18 år ved å bli fast gjevar!



JA TAKK! Eg ynskjer å gje gåva mi på kr _____ per måned og gjev Radøy sokn fullmakt til å ta kontakt med min bank for å legge inn et fast trekk.

Navn på banken:

Mottakar	Mottakar sitt kontonummer	
Radøy sokn	3636 07 04682	

Trekk frå mitt kontonummer:
Summen vert trekt den 20.kvar måned

Personnummer, 11 siffer Fyll ut dersom du ynskjer skattefrådrag	<input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
Namn	
Adresse	
Postnummer og stad	
Underskrift	
Stad og dato	

Etter Personopplysingslova av 14.april 2000, informerer vi om fylgjande: Når du støttar kyrkjelyden, vil vi ta vare på informasjon om at du har gitt, og gjer merksam på at du i framtida kan koma til å få materiell frå oss. Vi vil ikkje utlevere namnet og adressa di til andre med unntak av eventuelle krav frå offentlege styresmakter, til domes skatteetaten om eventuelt skattefrådrag.

Ferdig utfylt skjema skal sendast til

Radøy sokn
Idrettsvegen 1
5936 Manger



Bli FADDER til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden

Kyrkjelyden på Radøy driv eit stadig større arbeid blant barn og ungdom fra 0-18 år. I dag har vi 1 medarbeidar i 60% stilling. For å utvikle dette tilbudet må vi ha ein ekstra medarbeidar. Dette vil i første omgang koste ca 130.000 kvart år og då bring vi di hjelp!

Har du lyst til å bli fadder ved å støtte barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden din?

Ja, eg vil gje:

- NOK 89,- per mnd.
- NOK 150,- per mnd.
- NOK 300,- per mnd



FYLL UT SKJEMA PÅ BAKSIDA AV BROSJYREN

Som fadder får du fadderbevis. Du får invitasjon til ånæg fadderfest!



Vatne Begravelsesbyrå

Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø
Tlf 56 35 09 10 - Vakttelefon



5936 Manger • Tlf 56 34 98 60
www.fiskenett.no



AB Økonomiservice AS

Autorisert regnskapsførerselskap
56355580

AB ØKONOMISERVICE AS

BUNNPRIS

Bøvågen Mat • Tlf 56 37 00 90



Elinstallatør - Lampebutikk
Tlf 56 34 96 20



REMA 1000

bare lave priser

Manger Senter
07-23 (08-21) 56 37 22 55



Idrettsvegen 3
5936 Manger

Telefon:
56 37 10 38

Nordhordland Begravelsesbyrå as

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug
Idrettsvegen 1, 5936 Manger
Tlf. 56 37 14 10

Gravferdsbyrå for heile Nordhordland
post@nordh-bb.no / www.nordh-bb.no

Smiths

møte- og selskapslokale
Manger— Ring 56 37 31 11
leverer snittar, koldtbord og varm mat



5936 Manger, Tlf. 56 37 35 60

Vel møtt i kyrkja!

02.04	4. søndag i fastetida	11:00	Hordabø	Gudsteneste
09.04	Palmesundag	11:00	Manger	Gudsteneste
13.04	Skjærtorsdag	19:00	Sæbø	Gudsteneste med kveldsmat
14.04	Langfredag	19:00	Sæbø	Gudsteneste
16.04	Påskedag	11:00	Sæbø	Gudsteneste. Påskefrukost kl 0930.
23.04	2. søndag i påsketida	19:00	Manger	Gudsteneste
30.04	3. søndag i påsketida	11:00	Hordabø	Gudsteneste
06.05	Laurdag	11:00	Hordabø	Konfirmasjonsgudsteneste
06.05	Laurdag	13:00	Hordabø	Konfirmasjonsgudsteneste
07.05	4. søndag i påsketida	11:00	Manger	Konfirmasjonsgudsteneste
07.05	4. søndag i påsketida	13:00	Manger	Konfirmasjonsgudsteneste
13.05	Laurdag	11:00	Sæbø	Konfirmasjonsgudsteneste
14.05	5. søndag i påsketida	11:00	Sletta	Konfirmasjonsgudsteneste
14.05	5. søndag i påsketida	13:00	Sletta	Konfirmasjonsgudsteneste
17.05	17. mai	10:00	Manger	Gudsteneste
17.05	17. mai	10:00	Hordabø	Gudsteneste
17.05	17. mai	11:15	Sæbø	Gudsteneste
17.05	17. mai	12:00	Sletta	Gudsteneste
21.05	6. søndag i påsketida	11:00	Tjorehagen	Gudsteneste
25.05	Helgetorsdag	11:00	Solendfjellet	Gudsteneste
28.05	Sundag før pinse	11:00	Hordabø	Gudsteneste
04.06	Pinsedag	11:00	Manger	Gudsteneste
05.06	2. pinsedag	13:00	“Katedralen” på Bø	Friluftsgudsteneste
11.06	Treiningssundag	11:00	Sæbø	Gudsteneste
18.06	2. søndag i treeiningstida	11:00	Manger	Gudsteneste
25.06	3. søndag i treeiningstida	11:00	Hordabø	Gudsteneste



JA, VI ELSKAR
DETTE VATNET

Bli ein brønnbyggjar
støtt Fasteaksjonen

24. april

Sms **GAVE** til **2426** (200 kr)
Vipps til **2426**

 **KIRKENS NØDHJELP**
octalliance

*“...ein må ikkje berre sjå etter om det er gudsteneste
i den næraste kyrkja, men tenka at både Sæbø,
Hordabø og Manger er mi soknekyrkje.”
Biskop Halvor Nordhaug, visitas 2012.*



DEN NORSKE KYRKJA

Radøy sokn



Redaksjon: Grethe Lunde, J. William Kay
Utforming: J. William Kay • E-post: kontor@radoysokn.no • Trykk: Trykk Service A/S Knarvik
Bilete: Elin Klausen, Thor Sommersteth, Gunnar Kartveit, Kirkens Nødhjelp, Pixabay (framside).